



Trollskogen Barnehage Ikenberget Sa  
Stølen 13  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1728 - 18/10831

Saksbehandlar:  
Astrid Namtvedt Sylta  
syas@lindas.kommune.no

Dato:  
04.04.2018

## Rapport frå tilsyn i Trollskogen barnehage 13.03.2018

Det er barnehagen / barnehageeigar som er målgruppa for tilsynsrapporten. Rapporten skal beskrive tema for tilsynet, formidle dei rettslege krava, kva vi har undersøkt, våre vurderingar og kva vi har konkludert med.

### Tema for tilsynet

Det er gjennomført tilsyn med Trollskogen barnehage der temaet var, sitat rammeplan:

- *Barnehagen skal fremje kommunikasjon og språk.*
- *Kommunikasjon, språk og tekst.*

Tilsynsmynde har vurdert om barnehagen har ei drift som er lovleg og forsvarleg i høve til Barnehagelova og forskrift. Under kapittel *Barnehagen skal fremje kommunikasjon og språk og Kommunikasjon, språk og tekst* i Rammeplanen, kjem det tydeleg fram kva barnehagen skal leggje til rette for i arbeidet med språk og kommunikasjon. Med utgangspunkt i dette har tilsynsmynde gjennomført tilsynet i Trollskogen barnehage.

Før tilsynet vart gjennomført ba rådmannen om å få tilsendt fylgjande dokumentasjon:

- Barnehagen sin årsplan.
- Anna relevant dokumentasjon i høve til tema språk og kommunikasjon.
- Plan for implementering av ny rammeplan, fokus på språk og kommunikasjon.
- Kompetanseplanar.

### Formålet med tilsyn/rettslege krav

§ 16. Tilsyn

*Kommunen fører tilsyn med virksomheter etter denne lov.*

*Kommunen kan gi pålegg om retting av uforsvarlige eller ulovlige forhold ved godkjente eller godkjeningspliktige virksomheter. Hvis fristen for å etterkomme pålegget ikke overholdes, eller hvis forholdet ikke lar seg rette, kan kommunen vedta tidsbegrenset eller varig stenging av virksomheten. Kommunens stengingsvedtak skal sendes fylkesmannen til orientering.*

*I stedet for eller i tillegg til stenging av virksomheten, kan kommunen bruke økonomiske reaksjoner overfor ikke-kommunale barnehager dersom krav etter § 14 a, eller forskrift i medhold av samme bestemmelse, ikke er overholdt.*



Vedtak om retting og stenging og vedtak om anvendelse av økonomiske reaksjonsmidler kan påklages til fylkesmannen.

Tilsynet er dei aktivitetar som kommunen utøver for å sikre seg at barnehagane vert drivne i høve til krav i Barnehagelova og forskrift. I tillegg til å kontrollere om lovverket vert følgd, er det eit tilsynsansvar å gjere faglege vurderingar og gje rettleiing. På nokre område gjev lova detaljerte føringar, medan det på andre område er ope for skjønn.

I tilsynsoppgåva ligg det at det skal førast kontroll med at barnehagane følgjer gjeldande regelverk, og at det vert gitt reaksjonar når ikkje krav vert oppfylte.

Rapporten omhandlar resultat frå tilsynet som var meldt 05.02.2018 og som var gjennomført 13.03.2018.

### Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført ved å hente inn og vurdere dokumentasjon. Det er også gjennomført synfaring i barnehagen og intervju / samtale etter oppsett plan.

Oversikt over personer som mynde hadde samtale med under tilsynet :

Namn	Stilling
Sigmund Grønnevik	SU- medlem
Carina Soldal	Barne- og ungdomsarbeider
Trine Tolleshaug Hovden	Barnehagelærer
Anette Johnsen	Pedagogisk leiar
Kai – Olav Kvamme	Dagleg leiar

Tilsynet vart gjennomført av Astrid Namtvedt Sylta, Lindås kommune og Mette Marei Træland, Meland kommune.

### Våre vurderingar

I tilsynsbesøket møtte tilsynsmyde representantar frå dei ulike yrkesgruppene i barnehagen. Mynde hadde også samtale med foreldrerepresentant. Gjennom samtalanе fekk mynde oversikt over korleis det vert arbeidd med tema språk og kommunikasjon i barnehagen, og kva kompetanse som er i barnehagen. Mynde fekk og informasjon om korleis foreldre vurderer barnehagen.

Foreldrerepresentanten var svært godt nøgd med barnehagen. Han var godt kjent med innhaldet i barnehagen og kunne fortelje om reggiofilosofien som barnehagen er inspirert av, og om DUÅ – arbeidet. Han kjente til språkgruppearbeidet i barnehagen. Foreldrerepresentanten framheva det høge kompetansenivået i Trollskogen. Vegene mellom foreldre og leiinga er kort, sa han. Det er alltid ei open kontordør. Bruken av Vigilo vart positivt omtala. Foreldre vert engasjerte i barnehagen når ungane vert så godt ivaretekne, sa han. Foreldrerepresentanten hadde ingen negative tilbakemeldingar frå andre foreldre.

I Trollskogen barnehage er det stort fokus på språkarbeid. Gjennom reggiofilosofien vert dei *100 språka* framheva. Dette kom tydeleg fram i forteljingar frå småbarnsavdelinga. Gjennom kroppsspråk fortel barna sine historier, vart det sagt. Mynde fekk høyre korleis barnehagen jobba med språkstimulerande aktivitetar, dei hadde språkgrupper og dei nytta ulike «språkpakkar». Gjennom DUÅ arbeidet var det mykje

god dialog, sa dei tilsette. Ved å markere den samiske nasjonaldagen og å jobbe med Forut, vektla barnehagen språkleg og kulturelt mangfald.

På stor avdeling fekk førskulebarna planlegge samlingsstund med utgangspunkt i tema dei var opptekne av. Dei gjekk på nett for å finne utfyllande informasjon. Desse samlingane vart dokumenterte, og all dokumentasjon i Trollskogen var knytt til sitat frå rammeplanen.

På alle avdelingane vert det arbeid målretta med språk, tilpassa alder:

- Stort fokus på leik
- «Badar» barna i språk gjennom kvardagssituasjonar
- Fokus på dei *100 språka*, les barna
- Rim, regler, songar
- Samtalen
- Les bøker
- Klappe stavingar, namn
- Brukar mykje spel
- Språkgrupper
- Nyttar TRAS og «Alle med»

Mynde fekk eit tydeleg bilete av språkarbeidet i Trollskogen barnehage. Gjennom DUÅ arbeidet vart samtalen framheva. Som ein del av språkkommuneprosjektet vil Trollskogen starte arbeidet med språkløyper frå hausten. Dagleg leiar hadde ønskje om at det vert sett opp kurs i Dialogisk lesing i løpet av hausten.

I samtalanene med dei tilsette kom det fram nokre område dei ønskjer å ha fokus på framover.

- Pedagogane bør ha større fokus på rettleiing av personalet sitt
- Større fokus på nynorsk, tilby nynorske bøker. Knyte dette til kulturell identitet
- Nytte leselogg for å sikre at alle barn vert lese for

### **Konklusjon**

Trollskogen barnehage oppfyller krava i Rammeplanen i høve til arbeidet med språk, tekst og kommunikasjon.

### **Samsvar med Barnehagelova**

Tilsynsnemnda har i tilsyn med Trollskogen barnehage ikkje avdekket lovbrøt.

Med helsing

Kristin Moe  
kommunalsjef

Astrid Namtvedt Sylta  
rådgjevar oppvekst

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Trollskogen Barnehage Ikenberget  
Sa

Stølen 13

5911

ALVERSUND